

HJELMELAND KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG		
Saksnr.	Utval	Møtedato
168/11	Formannskapet	08.11.2011
096/11	Kommunestyret	16.11.2011

Arkivkode	Sakshandsamar	Arkivsak/j.post
025	Haldis Karine Nilsen	09/91 11/14411

FYLKESDELPLAN FOR BRUK OG VERN AV SETESDAL VESTHEI, RYFYLKEHEIANE OG SETESDAL AUSTHEI, HØYRING AV PLANUTKAST

Forslag til vedtak:

Hjelmeland kommune viser til høringsutkast for regional plan for Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal vesthei, og har følgjande merknadar:

På bakgrunn av vedteken kommuneplan "Hjelmeland Naturlegvis" ser kommunen positivt på at det vert etablert ein felles plan for dette omfattande området. Ein vil likevel peika på at Hjelmeland i denne samanhengen er eit randområde, og td ikkje har viktige trekkveggar for villrein innafor sitt område. Ein vil også peika på at rundt 25% av kommunen sitt landareal allereie er verna etter naturmangfaldlova (Vormedalsheia, Lusaheia, Nordstølheia, Longavatn mv).

Ein ber difor primært om at planområdet vert avgrensa slik:

- Områda som kjem inn under kategori "omsynssone bygdeutvikling" utgår
- Villreinområda med gul farge utgår.

Uansett avgrensing ber ein om at grensa for villreinområde vert trekt aust for Ritlandskrateret. Skal dette unike naturområdet med tanke på geologi kunne utviklast vidare, må dei sers marginale villreininteressene her koma i andre rekke.

Hjelmeland, 14.10.2011

Børje Alander
Rådmann

08.11.2011 FORMANNSKAPET

Behandling:

Under behandlinga av saka kom det fram ønskje om å få denne saka endeleg behandla med vedtak om uttale i f.k. kommunestyre den 16. november. Formannskapet slutta seg samrøystes til slik behandlingmåte. Saka går då til endeleg behandling og vedtak i kommunestyret.

Røysting:

Samrøystes i samsvar med forslag frå rådmannen.

FSK-168/11 Framlegg:

Hjelmeland kommune viser til høyringsutkast for regional plan for Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal vesthei, og har følgjande merknadar:

På bakgrunn av vedteken kommuneplan "Hjelmeland Naturlegvis" ser kommunen positivt på at det vert etablert ein felles plan for dette omfattande området. Ein vil likevel peika på at Hjelmeland i denne samanhengen er eit randområde, og td ikkje har viktige trekkveggar for villrein innafor sitt område. Ein vil også peika på at rundt 25% av kommunen sitt landareal allereie er verna etter naturmangfaldlova (Vormedalsheia, Lusaheia, Nordstølheia, Longavatn mv).

Ein ber difor primært om at planområdet vert avgrensa slik:

- Områda som kjem inn under kategori "omsynssone bygdeutvikling" utgår
- Villreinområda med gul farge utgår.

Uansett avgrensing ber ein om at grensa for villreinområde vert trekt aust for Ritlandskrateret. Skal dette unike naturområdet med tanke på geologi kunne utviklast vidare, må dei sers marginale villreininteressene her koma i andre rekke.

16.11.2011 KOMMUNESTYRET**Røysting:**

Samrøystes i samsvar med framlegg frå formannskapet.

KST-096/11 Vedtak:

Hjelmeland kommune viser til høyringsutkast for regional plan for Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal vesthei, og har følgjande merknadar:

På bakgrunn av vedteken kommuneplan "Hjelmeland Naturlegvis" ser kommunen positivt på at det vert etablert ein felles plan for dette omfattande området. Ein vil likevel peika på at Hjelmeland i denne samanhengen er eit randområde, og td ikkje har viktige trekkveggar for villrein innafor sitt område. Ein vil også peika på at rundt 25% av kommunen sitt landareal allereie er verna etter naturmangfaldlova (Vormedalsheia, Lusaheia, Nordstølheia, Longavatn mv).

Ein ber difor primært om at planområdet vert avgrensa slik:

- Områda som kjem inn under kategori "omsynssone bygdeutvikling" utgår
- Villreinområda med gul farge utgår.

Uansett avgrensing ber ein om at grensa for villreinområde vert trekt aust for Ritlandskrateret. Skal dette unike naturområdet med tanke på geologi kunne utviklast vidare, må dei sers marginale villreininteressene her koma i andre rekke.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	05.01.2009	Det kongelige Miljøverndep.	FORESPØRSEL ANGÅENDE FELLESEFORUM FOR FYLKESDELPLANOMRÅDENE
2	I	20.05.2009	Rogaland Fylkeskommune	SENDING AV KOMMUNEPLANDATA
3	I	09.06.2009	Fylkesrådmannen	FYLKESDELPLAN FOR SETESDAL VESTHEI RYFYLKEHEIANE OG SETESDAL AUSTHEI
4	U	15.06.2009	Rogaland Fylkeskommune	SENDING AV KOMMUNEPLANDATA
6	I	28.08.2009	Sissel Bakke	REGIONALPLAN FOR SETESDAL SHEIANE . PLANPROGRAM
5	I	07.09.2009	Rogaland fylkeskommune	INFORMASJONSBREV TIL STYRINGSGRUPPA
7	I	18.09.2009	John Jastrey	HØRINGSMØTE, PLANPROGRAM HEIOMRÅDENE
8	I	22.09.2009	John Jastrey	HØRINGSMØTE FOR REGIONAL PLAN FOR HEIOMRÅDENE - ENDELIG MØTEDATO
9	I	30.09.2009	Rogaland Fylkeskommune	MELDING OM OPPSTART AV PLANARBEID, HØRING AV PLANPROGRAM OG INVITASJON TIL INFORMASJONSMØTE
10	I	05.10.2009	Rogaland Fylkeskommune	ANG. HØRING AV PLANPROGRAM FOR SETESDAL VESTHEI RYFYLKEHEIANE
11	I	15.10.2009	Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei	REGIONPLANKART - HØRINGSFORSLAG - SETESDAL VESTHEI RYFYLKEHEIANE OG SETESDAL AUSTHEI
13	U	27.11.2009	Rogaland fylkeskommune v/John Jastrey	FYLKESDELPLAN FOR BRUK OG VERN AV SETESDAL VESTHEI RYFYLKEHEIANE
14	I	02.12.2009	Bjørn Laugaland	SV: MØTE I STYRINGSGRUPPA
16	I	17.12.2009	Prosjektleder John Jastrey	ARBEIDSMØTE MED KOMMUNENE OM REGIONAL PLAN FOR HEIOMRÅDENE
15	I	17.12.2009	Fylkesmannen i Aust Agder	FYLKESMANNENS INNSPILL TIL REGIONALPLAN FOR SETESDAL VESTHEI RYFYLKEHEIANE OG SETESDAL AUSTHEI - MELDING OM OPPSTART OG HØRING AV PLANPROGRAM
17	I	22.02.2010	John Jastrey	SV: MØTE 3.3 I HJELMELAND
18	I	28.04.2010	Fylkesrådmannen	FYLKESDELPLAN FOR BRUK OG VERN AV SETESDAL VESTHEI RYFYLKEHEIANE OG SETESDAL AUSTHEI - GODKJENNING AV PLANPROGRAM
19	I	28.05.2010	Rogaland Fylkeskommune v / John Jastrey	INNKALLING TIL PLANFAGLIG NETTVERKSGRUPPE, HEIPLANEN
20	I	28.05.2010	Rogaland Fylkeskommune v/ John Jastrey	OVERSENDING AV INNKALLING TIL STYREMØTE I HEIPLANEN
21	I	04.06.2010	Rogaland Fylkeskommune v/ John Jastrey	PLANFAGLIG NETTVERK, HEIPLANEN, 10. JUNI
23	U	10.08.2010	Hjelmeland Bonde- og småbrukarlag; Fister bondekvinnelag; Hjelmeland bygdekvinnelag; Hjelmeland Bondelang; Hjelmeland og Finnøy skogeigarlag; Hjelmeland Sau og geit	REGIONALPLAN FOR SETESDAL VESTHEI, RYFYLKEHEIANE OG SETESDAL AUSTHEI
22	I	10.08.2010	Rogaland fylkeskommune	UTSENDING AV MATERIALE TIL LOKALE PROSESSER
25	U	12.10.2010	Rogaland fylkeskommune	INNSPEL TIL HEIPLANEN - LOKAL PROSESS HJELMELAND KOMMUNE
26	I	07.09.2011	Fylkesrådmannen	REGIONAL PLAN FOR BRUK OG VERN AV SETESDAL VESTHEI RYFYLKEHEIANE SETESDAL AUSTHEI - HØRING AV PLANFORSLAG
28	I	12.10.2011	scan@hjelmeland.kommune.no,	KOMMUNEVIS KART

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok. ID
13.10.2011	MESSAGE FROM KMBT_C252	111550
01.11.2011	SKMBT_C25211101213060.pdf	111551
01.11.2011	heiplanen HoRINGSUTGAVE pr aug 2011.pdf	108939

Samandrag:**Fakta:**

Rogaland fylkeskommunen har ved brev av 7.9.2011 invitert til høyringsrunde på utkast til regional plan for bruk og vern av Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Setesdal vesthei. Planutkastet er utarbeidd i samarbeid med fylkeskommunane i Agder, Telemark og Hordaland, og passerte fylkesutvalet i Rogaland 6.9.2011. Planutkastet består av eit teksthefte og eit plankart. Planen dekkjer over 18 kommunar. (For nærare informasjon sjå også www.heiplanen.no)

Hjelmeland kommune har tidlegare uttalt seg i den omfattande prosessen som går fram av dokumentlista, jfr uttale til planprogrammet i 09 og til førebels utkast til plankart i 2010.

Regionalplanen er komen i gong på bakgrunn av ei bestilling frå Miljøverndepartementet om å avklare grensene for Nasjonalt villreinområde og Europeisk villreinregion. Planen avløyser gjeldande fylkesdelplan for Ryfylkeheiane og Setesdal vesthei frå 2005.

Når det gjeld innhald viser ein i hovudsak til samandrag (sitat):

Sammendrag

1. Heiplanen erstatter Fylkesdelplan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene (2005) og utvider planområdet med Setesdal Austhei.

2. Vedtatte reguleringsplaner, kommunedelplaner, kommuneplaner og andre fylkesdel(regional)planer gjelder.

3. Heiplanen gir mål og retningslinjer for framtidig forvaltning av planområdet.

Retningslinjene og tilpassede arealformål skal innarbeides i kommuneplanene. Heiplanen gir også rammer for saksbehandling av eventuelle dispensasjonssøknader.

4. Hensynssoner brukes på plankartet som virkemiddel etter plan- og bygningsloven. Det etableres

følgende hensynssoner:

- **Nasjonalt villreinområde (NVO)**
- **Villrein**
- **Bygdeutvikling**
- **Trekkområder**

5. Det er i første rekke hensynet til villreinen som er avklart i denne planen. Det innebærer at øvrige arealhensyn (natur, kulturminner/-miljøer, friluftsliv, landskap mm) ikke er avklart.

Nevnte hensyn må ivaretas gjennom ordinær kommuneplanlegging. Denne planen gir følgende

avklaringer:

- *I Nasjonalt villreinområde (NVO) skal villreinen ha fortrinn*
- *I hensynssone villrein skal en gjennom konsekvensutredning avklare forholdet til villreinen*
- *I hensynssone trekkområder skal villreinens interesser ang. trekk prioriteres.*
- *I hensynssone bygdeutvikling er hensynet til villreininteressene avklart.*

6. Ved revidering av kommuneplan skal det - i samarbeid med regionale myndigheter - vurderes utarbeiding av kommunale sti- og løypeplaner med rekkefølgekrav til nye og eksisterende hytte- og reiselivsområder under utvikling.

7. Det skal vurderes å lage kommunal plan for motorferdsel, gjerne i samarbeid med nabokommuner.

• Kommunene må i behandling av enkeltsaker etter lov om motorferdsel i utmark ta sikte på å

styrke næringsgrunnlaget til lokale aktører gjennom å gi løyver til næringskjøring.

8. Den formelle forvaltningen av verneområdene endres ikke gjennom Heiplanen. Hensynet til villrein i og utenfor verneområdene blir forsterket ved oppretting av hensynssone Nasjonalt villreinområde mm.

9. Nasjonalt villreinområde og hensynssone villrein utgjør ikke grenser for jaktforvaltning, dvs. tellende areal og valdgrenser. Slike grenser settes av Villreinnemnda i samarbeid med Villreinlagene, etter kriterier gitt i nasjonale forskrifter.

10. Nasjonalt villreinområde skal inngå i en Europeisk villreinregion, sammen med Hardangervidda

For Hjelmeland sin del er det fire typer område. 1. Det av kommunen som ligg utafor plangrensa. 2. Det av kommunen som ligg innfor plangrensa, og som har fått kategori "hensynssone bygdeutvikling" (grå farge). 3. Det av kommunen som ligg innafor plangrensa, og som har fått kategorien "hensynssone villreinområde" (gul farge), 4. Det av kommunen som ligg innafor plangrensa, og som har fått kategorien "Hensynssone Nasjonalt villreinområde" (grøn farge). Den beste måten å sjå dette på, er å gå inn på nettet på heiplanen.no, og slå opp høyringskartet. Eit utsnitt ligg ved, men er ikkje så lett å skjelna i sort-kvitt.

Sonene (3 og 4) skal følgjast opp i kommuneplanane når desse vert reviderte, jfr. tekstheftet til planen kap 2.11. Kva retningslinjer som skal vera knytte til dei ulike sonene, går fram av verbaldel kap 2.10. Det heiter om hensynssone bygdeutvikling:

"Villreinens interesser er avklart i denne sonen ved at heiplanen vedtas og gjennomføres. Gjeldene planstatus er styrende for vidare utvikling inntil nye planer forleigges. Detteer utviklingssonen i bygdene der nye større tiltak primært skal kanaliseres til. Her prioriteres planer og tiltak som fremmer en berekraftig bygdeutvikling."

For hensynssone villrein (altså ikkje det nasjonale villreinområdet), er det for enkelte av dei vestlege områda differensiert mellom ulike soner. Området vest for Lyngsvatnet er kalla sone B. Dette er område som kan nyttast i tider med spesiell mykje nedising, og sporadisk som reint bukkeområde.

Det vert lagt opp til at planen ikkje skal ein direkte juridisk verknad, men at den kan nyttast som grunnlag for motsegn frå involverte regionale styresmakter.

Det vert understreka at planen ikkje vurderer eller legg opp til endring av grenser for kva som til ei kvar tid er lagt ut som teljande areal for villreinjakt.

Lover, føresegner, rundskriv:

Planen er ein regionalplan etter plan og bygningsloven prg 5.2 og 8.3.

Økonomiske konsekvensar:

Planen får ikkje direkte økonomisk konsekvens for kommunen, men kan få det indirekte via føringar for framtidig kommuneplanarbeid.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak:

Det vert her vist til kommuneplanen 2011-2023. Natur er basisen for det me held på med, sjå følgjande visjon/overordna mål for perioden:

Visjon:

Hjelmeland – **Naturlegvis**

Visjonen gjev uttrykk for eit ynske om eit positivt samspel mellom kommunen sine tilsette, innbyggjarane og naturen rundt oss. Me signaliserer òg at me ynskjer å bruka natur og naturressursane til helse, rekreasjon, og friluftsføremål. Visjonen seier noko om vår næringsmessige satsing, som i stor grad er bygt opp rundt bruk av dei gode naturressursane kommunen har. Det seier også noko om å ta vare på dei landskapsmessige kvalitetane rundt oss. Me ynskjer òg at visjonen skal visa at Hjelmeland skal vera eit naturleg val for å bu, arbeida og besøkja.

Overordna mål:

Hjelmeland kommune skal vere

Berekraftig og nyskapande samfunn som er attraktivt for næringsliv, befolkning, arbeidskraft og eksterne samarbeidspartar.

Samfunn som med si eigenart skaper vekstkraft, mangfald og kulturrikdom

Prega av kreativt engasjement, deltaking og inkluderande folkestyre

Innbyggjarfokuserert og kvalitetsmedviten.

Ein viser også til kap 4.4 i kommuneplanen, som seier noko om berekraftig ressursforvaltning og at me m.a. skal gjera det me kan for å ta vare på vårt biologiske mangfald.

Kommunen har uttalt seg til planarbeidet tidlegare: jfr fsak 142/09 og 128/10.

I samband med vedtak om nytt delegasjonsreglement (ksak 57/11), er ansvar for uttale til sentrale planar lagt til formannskapet.

Innkomne uttalar:

Kommunen har ikkje sendt saka på eiga høyring.

Vurdering og konklusjon:

Det vil vera i tråd med kommuneplanen for Hjelmeland å bidra til at den naturlege villreinstamma i regionen får så gode vilkår at den kan overleva. Samstundes må dette avvegast opp mot dei omsyn som skal ivaretakast for at bygdene i seg sjølv skal framstå som berekraftige. I høve til det store planområdet som heiplanen omfattar, vert heile Hjelmeland ei randzone. Ein stusser difor på kvifor ikkje plangrensa kan gå der grensa for villreinområdet vert ståande til slutt. Det er forvirrande for publikum når td Nordstølheia naturreservat i planen er lagt ut til hensynssone bygdeutvikling. Det er fakta lite bygdeutvikling som kan skje nett her. Hensynssone bygdeutvikling bør utgå, her er det uansett kommuneplanen som rår.

Kommunen har tidlegare gått inn for at det ikkje skal vera randsoner i det heile tatt. Planområdet bør følgja grensene for nasjonalt villreinområde. Skal ein likevel ha med gult område i tillegg til grønt, bør grensa mellom grønt og gult trekkjast lengre aust, og følgja dalføret som går frå Førre via Grasdalen til Storhidler og vidare mot Lysestølane. Plangrensa kan då sån cirka følgja grensa for verneområdet i vest. Det er denne grensa som tidlegare er oppgått i forhold til villrein, jfr prosess kring etablering av verneområde.

Ein ser likevel eit unntak her: meteorittkrateret. Ritlandskrateret er eit stykke natur av internasjonal interesse på grunn av geologiske tilhøve. Villreininteressene her er tilsvarande marginale. Det er difor ingen grunn til å leggja grensa for noko villreinområde vest for Ritlandskrateret. Grensa der bør halda seg på austsida.

